

Full selskapsoversikt

Vedlegg A



Fyresdal

Sidetilvising

Eigardel i selskap med avgrensa innsynsrett (AS)	12
.....	
FN Eigedom AS	12
Fyresdal Næringshage AS	12
Vest Telemark Næringsbygg AS	13
Telemark Bilruter AS	13
Telemarkrøye AS	14
Vest Telemark Blad AS	14

Innleiing

Dette vedlegget gir ei samla og oppdatert oversikt over alle verksemder der Fyresdal kommune har eigardelar eller deltaking gjennom interkommunalt samarbeid. Oversikta viser sentrale nøkkelforhold knytte til kvart selskap, herunder selskapsform, formål, eigardel og balanseført verdi i kommunen sine rekneskap.

Vedlegget fungerer som eit faktagrunnlag for eigarskapsmeldinga, og skal leggest til grunn for kommunen si eigaroppfølging, vurdering av risiko og vesentlegheit, samt eventuelle eigarstrategiar. Kommunen sitt formål med eigarskapet og eigarpolitiske forventningar er omtala i hovuddokumentet og kjem difor ikkje att her.

Selskapsoversikta er ikkje ei vurdering av måloppnåing eller økonomisk resultat, men gir eit nøytralt og oppdatert datagrunnlag som kommunestyret, kontrollutvalet og administrasjonen kan nytte i den vidare eigarforvaltninga.

Eigardel i interkommunale selskap og samarbeid

Interkommunalt arkiv for buskerud vestfold og telemark IKS

Selskapsform:

Interkommunalt selskap

Organisasjonsnummer:

971 309 040

Dagleg leiar:

Wenche Risdal Lund

Deltakarkommunar:

Selskapet er eigd av kommunar og fylkeskommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark.

Formål

IKA Kongsberg IKS har som formål å bistå eigarkommunane med å sikre ei forsvarleg forvaltning av offentlege arkiv i samsvar med arkivlova og tilhøyrande regelverk. Selskapet skal tilby fagleg rådgjeving, depottenester og kompetanse innan arkivforvaltning, samt leggje til rette for bevaring, ordning og tilgjengeleggjing av arkivmateriale. Gjennom dette skal selskapet bidra til å ivareta dokumentasjon av offentleg verksemd og sikre kulturarv og rettstryggleik for innbyggjarane.

Eigarpart (%)	0,83
----------------------	------

Balanseført verdi**01.01.2024**

RenoVest IKS

Selskapsform:

Interkommunalt selskap

Organisasjonsnummer:

980 018 725

Dagleg leiar:

Tor Helge Gjersund

Deltakarkommunar:

Fyresdal Kommune
Kviteseid Kommune
Seljord Kommune
Tokke Kommune
Vinje Kommune

Formål

Renovest IKS har som formål å sørge for miljø- og samfunnsvenleg innsamling, handsaming og gjenvinning av avfall for eigarkommunane i Vest-Telemark. Gjennom drift av mottak, avfallstransport, sortering, mottak av slam/ septik og behandling av ikkje-farlig avfall skal selskapet sikre forsvarleg avfallshandtering i samsvar med lover og forskrifter. Vidare skal Renovest IKS tilrettelegge for kjeldesortering, informere og veilede innbyggjarar og verksemdar, samt kunne tilby tenester til private aktørar. Målet er å levere eit effektivt, økonomisk og miljømessig ansvarleg renovasjonstilbod som fremjar berekraft, reinare miljø og høg ressursutnytting i regionen.

Eigarpart (%)	10
----------------------	----

Balanseført verdi**01.01.2024**

1 000 000,-

Vestfold og Telemark Revisjon IKS

Selskapsform:

Interkommunalt selskap

Organisasjonsnummer:

923 822 410

Dagleg leiar:

Kirsti Torbjørnson

Deltakarkommunar:

Alle kommunane i:

- Vestfold
- Telemark

Vestfold og Telemark fylkeskommunar

Formål

Vestfold og Telemark Revisjon IKS har som formål å utføre revisjon og tilhøyrande tenester for eigarkommunane i samsvar med kommunelova og gjeldande regelverk. Selskapet skal gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll bidra til openheit, god økonomiforvaltning og effektiv ressursbruk i kommunal verksemd. Vidare skal selskapet vere ein fagleg ressurs for eigarkommunane og bidra til utvikling av god styring og kontroll i kommunal sektor.

Eigarpart (%)	1,55
----------------------	------

Balanseført verdi**01.01.2024**

Vest-telemark brann og redning IKS

Selskapsform:

Interkommunalt selskap

Organisasjonsnummer:

994 517 139

Dagleg leiar:

Torbjørn Lia

Deltakarkommunar:

Vest-Telemark-kommunane

Formål

Vest-Telemark Brann og Redning IKS har som formål å ivareta eigarkommunane sine oppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova. Selskapet skal sørge for førebyggjande arbeid, beredskap og innsats ved brann, ulykker og andre akutte hendingar. Vidare skal selskapet bidra til å redusere risiko for tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar gjennom tilsyn, informasjon og samarbeid med innbyggjarar, verksemder og andre beredskapsaktørar.

Eigarpart (%)	10
----------------------	----

Balanseført verdi**01.01.2024**

Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekretariat IKS

Selskapsform:

Interkommunalt selskap

Organisasjonsnummer:

987 993 766

Dagleg leiar:

Line Bosnes Hegna

Deltakarkommunar:

Alle kommunane i:

- Telemark
- Vestfold

Arendal Kommune

Birkenes Kommune

Froland Kommune

Gjerstad Kommune

Grimstad Kommune

Kristiansand Kommune

Risør Kommune

Tvedestrand Kommune

Vegårshei Kommune

Vennesla Kommune

Åmli Kommune

Agder Fylkeskommune

Telemark Fylkeskommune

Vestfold Fylkeskommune

Formål

Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekretariat IKS har til formål å yte sekretariatfunksjon for dei kommunale og fylkeskommunale kontrollutvala hos eigarkommunane/-fylka. Selskapet skal med utgangspunkt i gjeldande lov og forskrift bistå kontrollutvala med saksførebuing, forvaltnings- og selskapskontroll, oppfølging av vedtak, revisjons- og kontrolloppgåver, organisatorisk støtte og alle praktiske sekretariatsoppgåver tilknytta styrings- og tilsynsfunksjonen. Vidare kan sekretariatet ta på seg tilsvarande oppdrag for andre kommunar eller fylkeskommunar etter bestilling, for å sikre uavhengig, effektiv og profesjonell kontroll og tilsyn med offentleg ressursforvaltning.

Eigarpart (%)	0,15
----------------------	------

Balanseført verdi	11 500,-
01.01.2024	

Sør-Øst 110 IKS

Selskapsform:

Interkommunalt selskap

Organisasjonsnummer:

987 066 857

Dagleg leiar:

Kim Haugan

Deltakarkommunar:Alle kommunene i Buskerud,
Telemark og VestfoldDrammensregionens
brannvesen IKSVestfold Interkommunale
brannvesen IKSHallingdal brann- og
redningstjeneste IKS**Formål**

Sør-Øst 110 IKS har til formål å handtere nødalarmering og koordinere beredskap ved brann, ulykker, akutt forureining og andre kriser for kommunane i regionen. Gjennom eit interkommunalt samarbeid med brann- og redningsvesen samt andre nødetatar skal selskapet sørge for profesjonell, samordna og kostnadseffektiv alarm- og utrykningsteneste. Målet er å ivareta offentlege plikter i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og sikre tryggleik og vern for innbyggjarar og samfunn i dekningsområdet.

Eigarpart (%)	0,2
----------------------	-----

Balanseført verdi	18 480,-
01.01.2024	

Eigardel i Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)

Kraftkompetanse KO

Selskapsform:

Kommunalt oppgåvefelleskap

Organisasjonsnummer:

925 190 055

Dagleg leiar:

Tone Aanderaa Kiste

Deltakarkommunar:Fyresdal Kommune
Hjartdal Kommune
Kviteseid Kommune
Nissedal Kommune
Seljord Kommune
Tinn Kommune
Tokke Kommune
Vinje Kommune**Formål**

Kraftkompetanse KO har til formål å fungere som regionalt kompetansesenter for kraft- og naturressursforvaltning for kommunar og fylkeskommune i Telemark/Vestfold. Gjennom rådgjeving, felles ressursforvaltning og samarbeid i energisaker skal selskapet ivareta kommunenes interesser ved bruk av vasskraft og naturressursar, sikre kompetanse og god ressursforvaltning, og bidra til langsiktig og berekraftig utvikling i regionen.

Eigarpart (%)

5

Balanseført verdi**01.01.2024**

25 000,-

Eigardel i heileigde kommunale aksjeselskap (AS)

Fyresdal vekst AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

966 337 877

Dagleg leiar:

Olav Veum

Formål

Fyresdal Vekst AS har til formål å legge til rette for næringsutvikling og arbeids-/kompetansetrening i Fyresdal. Gjennom eigarskap og drift av blant anna Myldr Energipark skal selskapet støtte etablering og drift av næringsverksemder, stimulere industri- og arbeidsaktivitet, samt bidra til bulyst og vekst i kommunen.

Eigarpart (%)	100
----------------------	------------

Balanseført verdi 01.01.2024	2 900 000,-
---	-------------

Vest Telemark Kraftlag Holding AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

925 604 313

Dagleg leiar:

Hallgeir Aarbak

Formål

Vest-Telemark Kraftlag Holding AS har til formål å forvalte eigarskap i energirelaterte selskap og å levere administrative og driftstilpassa tenester til eigne dotterselskap og tilknytte foretak. Gjennom eigarskap og styring av selskapsgrupper innan kraftproduksjon, energidistribusjon, breiband og tilhøyrande infrastruktur skal selskapet legge til rette for stabil energiforsyning, infrastrukturutvikling og verdiskaping i regionen. Selskapet skal vidare medverke til effektiv drift, styring og utvikling av nettverk og energisystem, og bidra til langsiktig regional utvikling og forsyningssikkerheit.

Eigarpart (%)	19
----------------------	-----------

Balanseført verdi 01.01.2024	19 000 000,-
---	--------------

Kommunekraft AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

866 818 452

Dagleg leiar:Sekretariat i advokatfirmaet
Lund & Co DA**Formål**

Kommunekraft AS har til formål å formidle aksjonærkommuners disponible kraft – inkludert konsesjonskraft – og å tilby tilknyttede tenester og rådgjeving knytt til slik formidling. Gjennom objektiv og kostnadsdekkende rådgjeving skal selskapet hjelpe kommunar og fylkeskommunar med å inngå kraftavtaler, forvalte konsesjonskraft og oppnå best mogleg markedsvilkår, utan at selskapet streber etter overskot for eigen del.

Eigarpart (%)	-
Balanseført verdi	318,-
01.01.2024	

Eigardel i selskap med avgrensa innsynsrett (AS)

FN Eigedom AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

912 079 007

Dagleg leiar:

Olav Veum

Formål

FN Eigedom AS har til formål å eige, utvikle og leige ut fast eigedom i Fyresdal. Selskapet skal forvalte næringsbygg og lokale som legg til rette for vekst og aktivitet i næringslivet, mellom anna gjennom eigarskap og drift av bygget der Fyresdal Næringshage held til. Gjennom profesjonell eigedomsforvaltning skal FN Eigedom AS bidra til gode rammevilkår for verksemder, styrkt lokal næringsutvikling og ei attraktiv utvikling av kommunen.

Eigarpart (%)	49
----------------------	----

Balanseført verdi 01.01.2024	5 400 168,-
---	-------------

Fyresdal Næringshage AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

912 872 122

Dagleg leiar:

Olav Veum

Formål

Fyresdal Næringshage AS skal vere ein regional drivkraft for næringsutvikling og verdiskaping, med særleg vekt på bioøkonomi. Selskapet tilbyr eit moderne og framtidsretta fag- og arbeidsmiljø som legg til rette for at nye og etablerte verksemder kan utvikle seg, samarbeide og lykkast. Gjennom tilrettelegging for kompetanse, nettverk og samhandling mellom private og offentlege aktørar skal næringshagen styrkje rekruttering, innovasjon og etablering i Fyresdal og regionen. Selskapet skal drivast på profesjonelle og berekraftige vilkår, og bidra til å skape eit attraktivt miljø for arbeids- og næringsutvikling i kommunen.

Eigarpart (%)	36,7
----------------------	------

Balanseført verdi 01.01.2024	11 000,-
---	----------

Vest Telemark Næringsbygg AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

929 212 207

Dagleg leiar:

Olav Moen

Formål

Vest-Telemark Næringsbygg AS skal, i samarbeid med andre aktører, bidra til utvikling av næringslivet i Vest-Telemark gjennom planlegging, bygging, eigarskap og utleige av næringsbygg og næringsseigedom. Erfaringane så langt viser at verksemda ikkje fullt ut har hatt den funksjonen og effekten som ein opphavleg såg føre seg. Kommunen vil derfor vurdere rolla og vidare oppfølging av eigarskapet

Eigarpart (%)	15
----------------------	----

Balanseført verdi	1 855 185,-
01.01.2024	

Telemark Bilruter AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

924 099 658

Dagleg leiar:

Espen Marthinsen

Formål

Telemark Bilruter AS har til formål å tilby gods-, person- og transporttenester i Telemark og tilgrensande område. Gjennom eigarskap og drift av buss-, godstransport-, renovasjon- og logistikkelskap skal selskapet levere sikre, punktlege og miljøvenlege transportløysingar til private, offentlege og næringskundar. Målet er å bidra til mobilitet, regional tilknytning og nærings- og samfunns-utvikling gjennom eit breitt spekter av transport- og miljøtenester.

Eigarpart (%)	8
----------------------	---

Balanseført verdi	1 692 929,-
01.01.2024	

Telemarkrøye AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

998 090 458

Dagleg leiar:

Mads Dorenfeldt Jenssen

Formål

Telemarkrøye AS har til formål å drive klekking, oppdrett og salg av ferskvannsfisk — hovudsakleg røye — samt foredling av fisk og tilhøyrande produkt. Gjennom eiga produksjon og kontroll over heile verdikjeda skal selskapet sikre høg kvalitet og berekraftig drift, og levere fisk av høg kvalitet til marknaden.

Eigarpart (%)	4
----------------------	---

Balanseført verdi 01.01.2024	2 039 192,-
---	-------------

Vest Telemark Blad AS

Selskapsform:

Aksjeselskap

Organisasjonsnummer:

925 545 872

Dagleg leiar:

Tor Arve Vartdal

Formål

Vest-Telemark Blad AS har til formål å utgi lokalavis og nyheits- og medieinnhald for Vest-Telemark-regionen. Selskapet skal drive med publisering av papir- og digitale utgåver, nettavis, e-avis, lokal journalistikk og informasjonsformidling. Gjennom lokal forankring og nynorsk redaksjonell profil skal Vest-Telemark Blad AS fremje informasjons- og samfunnsdebatt i regionen, styrkje lokal identitet og bidra til demokrati, kultur og nærings- og samfunnsutvikling i kommunane dekkja av avisa.

Eigarpart (%)	3,7
----------------------	-----

Balanseført verdi 01.01.2024	21 160,-
---	----------
